



Bjørn Olav Tveit og Bjarte Døssland då dei orienterte om bygdeutvikling i Gamleskulen for to år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dialogforumet i Uskedalen Utvikling held fram etter ein pause på knapt eit år.

**Nye leiarar er Bjørn Olav Tveit, Sigurd Børve, Steinar Haugland og Bjarte Døssland.
Det vert arbeidd med å finna eit aktuelt tema for møte i oktober**

Dialogforumet er eit ope forum for drøfting av aktuelle saker i Uskedalen.

Samlingane er opne for alle interesserte. Det er høve å melda inn saker ein vil ha fokus på. Det er eit uformelt drøftingsorgan. Det vert ikkje gjort vedtak, men etter kvart møte vert ein samde om korleis saker skal først vidare og fylgjast opp.

Dialogforumet skal fremja god bygdeutvikling og avlasta styret i mange saker. God dialog og kontakt med kommunen og andre sentrale institusjonar er viktig om ein skal lukkast.

Frå før har laget ei gruppe for kultur, turisme, profilering og for Uskedalen som besøksmål til Folgefonna Nasjonalpark.

Så må vi ikkje gløyma nettsida uskedalen.no og det store arbeidet som vert gjort med Gamleskulen